

My add:

Retur

My add: Johanneshavn 12, 1055 Oslo, Norway

Johanna Myrs
Professor Dahlsgate 32
5035 BERGEN



204

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

04

<p

Ved.
Olav Meltvik



Fred på jord ?

Så er me alt komne inn i adventstida endå ein gong. For eigen del tykkjer eg at dagar, veker og år går fortare og fortare. Det hev ikkje alltid vore slik. I ungdomstida kjendest det lenge mellom måndag og laurdag. Men eg hev framleis mykje å vera oppteken med og då går tida og.

Julegåvehandelen hev vore i gang lenge, og for borna vert nok dagar og veker fram mot jul lange og spennande. Kjem dei til å få det dei ynskjer seg mest?

Det er gamal skikk at mykje skal gjerast fram mot jul. Dette vart vel meir praktisert før enn no. Eg tenkjer då m.a. på slakting av gris og anna matførebuing som måtte vera unnagjort i god tid. Bakar gjer vel mange endå, men eg såg i ei avis at salet av ferdig julebakst aukar sterkt. Vasking og ekstra pynting til jul er og ein fin gamal skikk. Det kan vera travelt og slitsamt, men så gjev det ei god kjensle av høgtid og fred når alt er ferdig. Så kan me reisa til kyrkja vår for å høyra den gledelege bodskapen at det vart fødd oss ein Frelsar i Betlehem. Men dei hadde ikkje husrom til han. Han laut fødast i ein stall.

Gjetarane på marka var dei første som fekk bodskapen av engelen og ein himmelher. Englane lova Gud og song : ”Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda mellom menneske som Gud hev hugnad i”. Bodskapen er over 2000 år gammal, men på jorda ser det ut til å vera langt att før det vert fred.

Eg hev fleire gonger tidlegare minna om ord frå Bergpreika. I dag kom Matt.5.9 i tankane .”Sæle er dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born”. Mange hev gjort og gjer ein stor innsats for å skapa fred. På ein temakveld i Hosangerkyrkja nyleg siterte Ole D. Mjøs m.a. Gandhi : Sanninga og kjærleiken sin veg vil alltid vinna. Tru og håp, sanning, kjærleik og forsoning vil vinna til slutt og skapa fred i hjarte, sinn og verd. Og av alt er kjærleiken viktigast.

Og vidare: Av alle som brukar religion for å skapa urettferd og krig, finn du ikkje ein som hev ord frå Jesu munn å støtta seg til.

Nå er den hellige time

Nå er den hellige time
Vi står i stjerneskinn
og hører klokken kime
Nå ringes julen inn.

En nyfødt kjærlighet sover.
Nå er Guds himmel nær.
Vår lange vandring er over
stjernen har stanset her.

Omkved : Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord.
Verden var aldri helt forlatt.
En stjerne skinner i natt.

Se, himlen ligger og hviler
på jordens gule strå.
Vi står rundt krybben og smiler
for vi er fremme nå.

Omkved :

Her kan vi drømme om den fred
som vi skal eie en gang.
For dette barn har himlen med
og jorden fylles med sang.

Et lite juleunder – Kor stort!

Det var julafcta. Eg kom inn på cella til ein ung gut. Han var innvandrar frå Armenia. Han låg samankrøkt i senga si full av angst og skalv i heile kroppen. Eg sette meg ned på sengekanten og tok han i handa og sat der med han ei stund utan å seie noko.

Eg hadde med meg eit nytestamente på engelsk, så eg spurde om eg skulle lese juleevangeliet til han. Han nikka for han kunne litt engelsk. Eg las sakte fra evangeliet. Han sa ikkje noko der han låg med ansiktet ned i puten.

Etter ei stund snudde han seg til meg, smilte og sa takk. Han skalv ikkje lenger og litt etter litt slapp angsten taket i han.

Eg opplevde dette som eit under og ei sterk bekrefting av orda fra Bibelen om at "Guds fred som går over all forstand skal bevare våre hjarto og tankar i Kristus Jesus" Fil. 4.7. Det vart ikkje sagt noko meir før han ba meg lyse velsigninga. Eg gjorde det og gjekk.

Dagen etter spurde ein av sjukepleiarane kva eg hadde gjort inne på cella for no var guten heilt roleg. Eg sa det som det var at eg bare hadde lest juleevangeliet til han.

Seinare var eg innom cella hans mange gonger, men vi snakka ikkje om dette. Knapt eit år etter var nokre av "Moder Theresa søstrene" på besøk i fengselet. Vi sat til bords med ei ung nonne fra Siri Lanka og denne ungdomen ville presentere meg for henne. "Dette er engelen som kom med Guds fred til meg i fjor på julafcta". Så fortalte han henne korleis han hadde opplevd det som skjedde og utbryt spørjande: "Var ikkje dette eit mirakel"? Nonna smilte bekreftande tilbake.

Eg trur aldri eg kjem til å gløyme denne opplevinga. Det er den sterkeste julepreika eg har opplevd. Den fortel meg at vi er ikkje gløymd av Gud. Slik Jesus kom den fyrste gongen, slik kan Han kome til oss i dag. I sjelas djupe einsemd, i sorg og smerte, i vonløyse og angst, kan Jesus kome med lys og håp. Og gi oss den freden som går over all forstand.

Helge Hitland

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Halldis Midtun	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskesteth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjhelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Juleminne frå Låstad

Av Anna Marøy

Det er advent, ein og god månad av året, med mykje lys og mykje varme. Advent, ei tid me blir snille og har lyst til å gleda andre, så langt det let seg gjere. Men kanskje først og fremst dei nærmaste.

Eg sit i skumringstimen og tenkjer på julegåver til barnebarna. Kva skal eg finna på i år – dei har det meste av ting dei har ynskt seg. Skjønar dei kor privilegerte dei verkeleg er ?

Eg let tankane gå attende til mi barndoms jul heime på Låstad. Ein kan ikkje tru det er i den same verda. Det første sikre symbolet på at jula nærma seg, var når bestemor kom for å hjelpe mor med karding og spinning. Når sauene var klipt og slaktinga unnagjort, var den verste økta over for far, men ikkje for mor.

Me var fem born i heimen, alle skulle ha nye kler til jul. Bestemor sat med rokken og spann nøste etter nøste, jamt og fint. Me skulle ha undertrøyer, sokkar, og labbar. Eg som einaste jente, måtte ha underskjørt og. Ho farga noko av garnet, slik at det blei fine fargar, kjempefint slik eg hugsar det. Den farga tråden blei brukt til striper i labbane. Bestemor var flink til å fortelje, og ho lærde oss julesongar, ikkje berre to vers, men helst alle versa. Etter at bestemor reiste heim, kom ei sydame og sydde kjole til meg og bukser til brørne mine. Me hadde tidlegare vore på fabrikken i ytre Arna og levert noko av ulla og fått stoff i byte, både til sengetøy og kler til oss. Da eg vart stor nok, var eg med og bar ullsekker.

Far hogg juletre som han reiste til byen med og selde. Det var ei god attåtnæring heime, men mykje slit og. Eg hugsar me borna var med og drog tre i tung snø. Far kjørte trea med hest til Lonevåg kai, og så vidare med rutebåten til Bergen

Me eldste selde julehefte og, det tente me nokre kroner på som me kunne kjøpa litt julegåver for. Det var "Samenes venn", "Sambåndet" og "Blåveisens" som eg hugsa. Julehefta høyrde med i dei fleste heimane og var lette å selje. Litt julekaker fekk me med på vegen, og eg kan endå kjenna kor godt det smaka. Dei siste dagane før jul var mor åleine med alt og hadde det ekstra travelt. Det var ikkje så lettstelt i fjøset som i dag. Me var med

og hjelpte til, men det meste fall på mor likevel. Så mange timer sovn var det nok ikkje for natta. Så var det vasking, baking og handla inn det me hadde råd til. Eg kan ikkje hugsa at ho klaga over at det var for strevsamt.

Julaftan var spenninga ikkje til å halda ut. Mor gjekk i fjøset i sekstida, slik at ho kunna gå tidleg om kvelden. Men først hadde ho fyrt opp i komfyren i kjøkkenet med storkjelen på, til badevatn. Etter frukost, og det var godt og varmt i stova, kom badestampen inn. Der måtte me oppi etter tur. Deretter fekk me på oss dei nye strikkeklærne, som stakk noko ubeskriveleg, men det kom seg etter kvart. Klokka tolv på formiddagen var det risengynsgraut med kanel og sukker. Det var heller ikkje kvardagskost. Etterpå sprang me ut og hengde opp kornbandet i det gamle plommetreet, og så fekk me endeleg ta inn juletreet. Me hadde ikkje så mykje julepynt, det meste var heimelaga, men julekuler hang på det treet og dei var utruleg fine. Fast innslag ved juletrepyntinga var historia då eg kom til verda rett før jul. Då var det far som pynta treet, mor låg i senga og rettleia han. Han var rask til å få ting unna, men av og til gjekk det litt for fort, slik som denne gongen. Midt på natta høyrde dei eit brak, og der låg juletreet på golvet, og alle dei fine julekulene og fuglane som mor hadde hatt med seg heime i frå låg i tusen knas. Dette gløymde dei aldri.

Til nons (kaffi) fekk me smaka på julekakene, men berre to, tre til kvar. Så måtte mor i fjøset. Middagen var likevel høgdepunktet. Bordet var dekka med kvit stiva duk, besteserviset og trearma lysestake med levande lys. Maten var lutefisk eller nakkar, kålrabistappe. Sviskegraut med fløyte til dessert. Hjå oss blei det spesielt sein start på middagen sidan far ikkje kom heim frå byen før i fem, seks tida. Trøyt og sliten måtte han vera, men når han steig inn døra kom sjølve jula og. Dei gode luktene, tryggheita, ja eg hugsa eg tenkte at det var ingen i verda som hadde det så godt som oss.


Då alle var kome seg til bordet song me "Eit barn er fødd i Betlehem" før far las juleevangeliet med stor innleving. Etter maten gjekk me rundt juletreet, Julegåvene kom til slutt. Då fauk me rundt i huset og fann gåvane

me hadde kjøpt til kvarandre og gjøymt så lurt. Det minner ikkje så mykje om gåvene som ligg under treet hjå folk i 2004 nei. Det er tre gåver som står fast i minnet mitt. Ein blå strikkejakke som mor hadde strikka, med broderi framme, sikkert nattarbeid. Ein tube stomatol, og eit glansbilete forma som eit hjarta i nydelege fargar. Det hadde eg opp for senga mi i mange år. Eg fekk det av eine bror min, som i ettertid fortalte at det kosta 2 øre.

Frukt, nøtter og fiken hugsar eg me fekk seinare på kvelden. Det var ein vidunderleg kveld der me fekk vera vakne til midnatt.

Juledagsmorgen var det tradisjon at far kom med frukost på senga til oss med julebrødkiver og mjølkete. Denne dagen fekk me ikkje gå til naboen å leika, der var far streng. Elles las me i julehefte og spela gnav og ludo. Ingen bråka den dagen.

Andre juledag var det til kyrkja. Små og store. Me kjørte med hest og slede. I mitt minne var det i jula alltid frykteleg kaldt, sledeføre og blå himmel. På kyrkjevegen fraus me borna og



Eit av dei gode juleminne er frå kyrkjeferd til Gjerstad 2. juledag.

fekk naglebit. Strikkavottane heldt ikkje kulden ute. Men i kyrkja var det godt og varmt. Me var ofte så seine at dei song opningsongen då me kom inn gjennom døra. Eg ser for meg ei fullsett kyrkje som song med heile seg: "Frå fjord og fjære, frå fjell og djupe dal – eit ære vere i dag gjenlyde skal".

Julekonsertane

Hosanger tysdag 14.desember kl.19.00.
Hamre sundag 19. desember kl.16.00.
Gjerstad sundag 19.desember kl. 19.30
Haus fredag 17.desember kl.19.00.
Bruvik (Lysmesse) sundag 19.desember kl.17.00.

Bibeldagen 2005

Sundag 23.januar er Bibeldag over heile landet. Her på Osterøy feirar me dagen med eit fellesmøte i Sion, Bysheim , kl.17.00.

Julekrybbearrangement i Hamre

Torsdag 9. desember kl. 19.00 kjem professor Gunnar Danbolt til Hamre kyrkje og fortel om «Julekrybbetradisjonar».

Torsdag 6. januar kl. 19.00 vert det også ei samling i kyrkja.

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.



Velkommen til kyrkja

5. desember 2. sundag i advent, Joh.opb. 1,4-8

Hosanger kl. 11.00 Familiegudsteneste. Skeie. Kyrkjebøker til 4-åringane. Takkoffer til sundagsskulearbeidet.

Gjerstad kl 19.00 Lysmesse. Konfirmantane deltek Alf R.Kallestein og kateket Mia Krüger. Takkoffer til ungdomsarbeidet på Osterøy.

12. desember 3. sundag i advent, Matt 11,2-10

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

18. desember

Gjerstad kl. 19.00 Lovsongskveld.

19. desember 4. sundag i advent.: Joh 1,19-27

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Tysse bedehus kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Radio Osterøy.

Bruvik kl. 17.00 Lysmesse/julekonsert. Konfirmantane og Haus musikklag deltek.

24. desember Julaftan. Luk 2,1-14

Bruvik kl. 12.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Gjerstad kl. 14.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hamre kl. 14.30 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Haus kl. 16.00 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hosanger kl. 16.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

25. desember Juledag Joh 1,1-5[6-8]9-14

Hamre kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Skeie. Takkoffer til Det norske misjonsselskap (NMS)

Haus kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til NMS

26. desember Andre juledag (Stefanusdagen), Matt 10,17-22

Gjerstad kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Melve. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til NMS.

Hosanger kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste. Skeie Takkoffer til NMS.

31. desember Nyårsaften, Luk 13,6-9

Hamre kl. 16.00 Musikkandakt. Skeie. Osterøy kyrkjekor m.fl.

Hosanger kl. 23.00 Midnattsmesse Skeie. Nattverd. Takkoffer til NKSS.

2.januar Kristi openberringsdag . Matt.2,1-12

Gjerstad kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB)

9.januar 1. sundag etter Kristi openberringsdag. Matt.3,13-17

Hamre kl.11.00 Høgmesse.Vikarprest O.Stubhaug. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.17.00 Høgmesse.Vikarprest O.Stubhaug. Nattverd. Takkoffer til NMS.

16.januar Vingardssundagen. Matt.20,1-16.

Haus kl.11.00 Høgmesse.Skeie. Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen.

Hosanger kl.11.00 Høgmesse. Vikarprest O.Stubhaug. Nattverd. Takkoffer.

23.januar Såmannssundagen. Luk.8,4-15.

Hamre kl.11.00 Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Godt nytt til 11åringane. Takkoffer til Bibelmisjonen

Gjerstad kl.11.00 Familiegudsteneste. Vikarprest O. Stubhaug. Utdeling av Godt nytt til 11åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi

Sion kl.17.00 Bibeldagsmøte.

30.januar Kristi forklæringsdag. Joh.opb.1,9-18.

Haus kl.11.00 Høgmesse. Vikarprest. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

6.februar Sundag før faste (fastelavnssundag). Luk.18,31-43.

Hosanger kl.11.00 Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Godt nytt til 11åringane. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet

Bruvik kl.11.00.

Familiegudsteneste. Melve.
Utdeling av Godt nytt til
11åringane. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.
Kyrkjekaffi.

9.februar Oskeonsdag. Jes.58,5-9

Haus kl.19.00 Fastegudsteneste. Melve.
Nattverd. Fastesuppe
etterpå i kyrkjelydshuset.

13.februar 1. sundag i faste. Matt.4,1-11.

Gjerstad kl.11.00 Høgmesse. Melve. Natt-
verd. Takkoffer til
Bibelmisjonen.

Hamre kl.11.00 Høgmesse. Skeie Nattverd.
Takkoffer til Blå kors.

20.februar 2. sundag i faste. Matt.15, 21-28.

Haus kl.11.00 Høgmesse. Melve. Natt-

Å be

av Tryggve Bjerkheim

Å be - det er å gå til Gud,
som til eit duka bord.
Han veit frå før om alt du treng.
Du tarv kje bruka mange ord.

Å be - det er å banka på.
Og døri opnar seg.
Til nåde-truna fær du gå.
Det er so trygg og god ein veg.

Å be - det er å opna seg
for livsens kjeldevell.
Kor godt det er, frå dag til dag
i tidleg gry, i seine kveld!

Å be - det er å anda ut
sin lengt. si naud, si sut og sorg.
Å be - er å latast inn
og bu i Herrens trygge borg.

Kyrjeskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

verd. Takkoffer til Sunniva
Hospice.

Bruvik kl.17.00

Gudsteneste. Melve. Natt-
verd. Takkoffer til
Bibelmisjonen.

27.februar 3.vsundag i faste. Luk.11,14-28.

Hosanger kl.11.00 Høgmesse. Skeie Nattverd.
Takkoffer

6.mars 4.sundag i faste.(Midtfaste). 5.Mos.8,1-13.

Gjerstad kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Natt-
verd. Takkoffer til Familie-
rådgjevingskontoret i
Bjørgvin

Hamre kl.11.00 Høgmesse. Melve.
Nattverd. Takkoffer

Gjerstad kl.19.00 Lovsongskveld.

Kyrjeskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast

pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59

Einar Johnny Selvik

98 06 48 54

Sigrid Mjelde

56 39 01 04

Kyrjeskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth

tlf. 56 39 18 21

Otto Mo tlf. 56 39 19 42

Frivillighetssentralen

på Osterøy treng fleire
hjelparar. Disponerer du bil
og kan tenkja deg å vera
besøksven kontakt telef. 56
19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

*Redaksjonen ynskjer alle
ei velsigna julekveld.*

Familie-nytt



BRUVIK

Døpte:

05.09: Ronja Lovise Fredheim Løtveit

HAUS

Døpte:

12.09: Leander Bøe Larsen (døpt i Gjerstad kyrkje)

17.10: Leah Shujie Skaftun

17.10: Sander Bruvik Skjoldal

17.10: Sonja Varnavor Mjelde

07.11: René Daltveit Kvalsvik

Vigde:

16.10: Målfred Hannisdal og
Kjartan Mellemstrand Teigen

Gravlagde:

06.10: Mary Helle (f. 1927)

GJERSTAD

Døpte:

12.09: Nora Bergan

07.11: Martin Njåstad (døpt i Haus kyrkje)

Vigde:

16.10: Rita Merete Rolland og Dag Gerry Kalland

Gravlagde:

07.09: Halldis Laastad (f. 1921)

23.09: Torleif Vedå (f. 1933)

HAMRE

Døpte:

29.08: Sander Øksnes

29.08: Ida Linn Mæhle

12.09: Sunniva Aanstad Storebø

03.10: Adrian Berisha

17.10: Eivind Flesland Fyllingen

17.10: Jonas Bosåen Håland

17.10: William Gran Reigstad

07.11: William Utvær Bernes

Gravlagde:

31.08: Harry Henriksen (f. 1923)

02.09: Trygve Johan Isdal (f. 1930)

08.09: Solveig Fjelde (f. 1920)

10.09: Knut Århus (f. 1912)

16.09: Johanna Kristine Skaar (f. 1914)

Bisette:

24.09: Olav Slettebakken (f. 1914)

HOSANGER

Døpte:

05.09: Marisa Alexandra Røsland Ferreira

05.09: Tobias Abrahamsen (Døpt i Strusshamn kirke)

10.10: Nikolai Eknes

10.10: Ida Adeline Tysse

Vigde:

17.07: Ann Tove Kvål Svidal og Øystein Lone
(vigde i Førde kyrkje)

16.10: Margaret Helen Hansen Rossland og Svein
Olav Hanstvedt

Gravlagde:

14.09: Magne Karl Bernes (f. 1944)

21.09: Borghild Tysse (f. 1912)

02.10: Johan Røsland (f. 1919)

Bisette:

01.09: Anlaug Bysheim (f. 1917)

Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Hamre : 25/12, 23/1 og 6/3

Hosanger: 26/12 og 6/2

Haus: 25/12 og 30/1

Gjerstad: 26/12, 23/1 og 6/3

Bruvik: 6/2

Soknepresten har permisjon 28/12 –
30/1. Kap. Brigt Sigve Skeie vert
fungerende sokneprest den tida, og
vikar vert Oddbjørn Stubhaug.
Kyrkjekontoret kan hjelpe til med svar
på spørsmål.

Konfirmasjonane 2005

Haus 24/4

Hosanger 24/4

Gjerstad 5/5 og 7/5

Hamre 5/5 og 8/5

Bruvik 15/5

Ungdomstankar kring juletid

av Karoline Riple


Ja, no er jula snart her igjen, og det er mykje som skal gjerast. Alt frå pussing av sølvstøy til pynting av juletre. Førjulstida har ein tendens til å verte ei tid fylt med stress og mas, blanda med juleavslutningar og innkjøp av julegåver. Her i landet vert det seld julebrus og adventskalenderar frå november, og i romjula bryt det ut sal i klesbutikkane. Eg trur dette er med på å ta vekk litt av den gode stemninga som vert forbunde med jula.

Lukas 2,10: «Men engelen sa til dei: Frykt ikkje! Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede ^ei glede for heile folket!» Og med dette kan ein forstå at jula er ei tid for å glede seg. Det trur eg me skal gjere. Me feirar jo jul fordi Gud sende son sin til jorda for å

kunne frelse oss. Er ikkje det grunn til å glede seg? Kanskje er me så flinke til å prøva å gjere jula perfekt, at me gløymer at dette faktisk er ei tid for glede. For dersom Jesus ikkje hadde kome, hadde me jo ikkje hatt nokon god grunn til å feire jul i det heile tatt. Det er ikkje noko galt med julekaker og gåver, men tenk om me oppi alt maset kunne gleda oss!

No kan dei vaksne rista på hovudet og seie at dette veit ikkje ungdommen så mykje om, og det kan så vera, men til sist vil eg sitere: «Og ver ikkje sorgfulle, for gleda i Herren er dykkar styrke!» (Neh.8,10).

Gledeleg jul!



Kirkens SOS trenger flere medarbeidere

Vi trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering. **Nytt kurs starter februar 2005.** Medarbeiderne har vakt hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Opgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeiderne skal ikke finne løsninger eller «gode råd».

Velkommen til et godt fellesskap og en viktig og meningsfull tjeneste!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på www.kirkens-sos.no

50-årskonfirmantar i Hosanger

1. rad frå v: Betty Margunn Hanstveit Birkeland, Brigt Signe Skeie, Margot Astrid Knudsen Tvedt

2. rad frå v: Åshild Tysse Leirgulen, Anne-Mari Bjelland Monstad, Anveig Målfrid Herland Fitje

3. rad frå v: Gunnar Johan Gullbrandsøy, Otto Jarl Dyrkolbotn, Johan Urdal

Foto: Rune Solberg



50-årskonfirmantar i Gjerstad, 1. rad frå v: Anna Småland Isvik, Ingebjørg Hauge Wigum, Eli Johanna Jacobsen

Vevle, Johannes Melve, Inger Johanne Teigland Landøy, Gunnhild Margrethe Haugsøen Teigland, Magnhild Midttun Bonsak. 2. rad frå v: Oddvar Hannisdal, Aslaug Kitty Birkeland Horsås, Else Karin Hjørnevik Seim, Lilly Signe Ellingsen Nielsen, Annlaug Jorunn Ludvisen Thorsen, Aslaug Johanna Hagenes Bjørgen, Astrid Lilly Kleppe Fauskanger, Anne Karin Gjerstad Yddal, Norvald Myking. 3. rad frå v: Erling Hagebø, Arvid Lone, Arild Johan Jacobsen, Magnus Lone, Trygve Halland, Johan Bertin Kallekleiv, Harald Johan Revheim, Svein Jostein Skjerping.

4. rad frå v: Amund Lone, Rolv Hagebø, Harald Idar Gjerstad, Harald Tveiterås, Arne Øystein Solberg, Helge Lars Rød, Kåre Andreas Hannisdal

Foto: Rune Solberg



50-årskonfirmantar i Hamre, 1. rad frå v: Irene Børteit Lunde, Brigt Sigve Skeie, Inger Aslaug Mosevoll Skjelvik
2. rad frå v: Åse Rundhovde Edvardsdal, Alf Kålås, Edel Brithilde Røskeland Hannisdal, Margunn Lilly Strømsnes
Bjørsvik, Oddvar Angelskår, Åse Kjellaug Skår Kalland . 3. rad frå v: Finn Magne Fyllingsnes, Bernhard Andreas
Fjelde, Jostein Sandal, Albert Johan Burkeland, Håkon Sandvik. 4. rad frå v: Olav Fyllingsnes, Kjell Egil Mjelstad,
Edvin Bernhard Slettebakken, Asle Reigstad. Foto : Rune Solberg



50-årskonfirmantane frå Haus: 1. rekkje frå venstre: Anna Lindquist Thunestveit, Norbjørg Aabrek, sokneprest
Johannes Melve, Kirsten Veseth Kleiveland, Marit Selvik Kallekleiv. 2. rekkje frå venstre: Arvid Mjelde, Arvid
Thunestveit, Kjell Takvam, Alfred Vatle, Marit Tobiassen Torgersen, Knut Arvid Åsheim. Foto: Johnny Selvik

The King and I

av E.J. Selvik


En pretensiøs tittel på en vanlig historie. Den er som følger : Vi lå på verksted i Mobile, Alabama. Dette var i mai 1969. Lite å ta seg til ombord, så dagene var stort sett kjedelige, så da vi fikk høre via "Jungeltelegrafen" at kong Olav var ventet til New Orleans for å legge ned grunnsteinen til ny sjømannskirke, bestemte "Trikkeren" og undertegnede oss for å ta turen.

Begge to var interesserte i å få et glimt av vår kjære "Laffen". Vi leide oss en bil og la i vei. Det ser ikke så langt ut på kartet, men turen ble drøy. Den gikk gjennom 3 stater: Alabama, Mississippi og til slutt Louisiana, og etter diverse feilkjøringer var vi ikke fremme i New Orleans før kl.5.30 om morgen.

Seremonien skulle starte kl. 10. Heldigvis fikk vi hotelrom vegg i vegg ned "kjerka". Vi hadde bestilt vekking og sagt i fra til portieren at han måtte ikke ta et nei for et nei, opp måtte vi, og opp kom vi, sure og gretne med hodet fullt av bomull og øyne fulle av sand. Vi plystret frokosten, så da en lang og drøy seremoni var over, skrek tarmene våre gudjammerlig.

Folk begynte å stille opp i lang rekke, som forsvant inn frøntdøren til "Gammelkjerkja". Det forlød at vi alle skulle inn og bli bevertet, hvilket var midt i blinken for vår jamrende mager. Dermed hengte vi oss på. Hvor feil går det an å ta. Vel innenfor døren oppdaget vi at null mat var innen synsvidde, men i stedet sto "Laffen", sjømannsprest Neergaard, samt en hel gjeng med "sosserisser med

"karbonader" på skuldrene og stripor på armene. I vår ynkelige form var det vårt siste ønske å shake hands med "Laffen", så vi prøvde diskret å retttere samme vei som vi kom, hvilket viste seg å være umulig. Skrekk og gru !!! Det var nu marerittet startet : Fanget i en felle. etter hvert som vi nærmet oss det uunngåelige handtrykket med majesteten blei innsiden av høyrehanda klammere og klammere. Det siste håpet var at majesteten slapp oss videre etter å ha presentert oss. "Johnny Selvik, deres majestet", sa jeg med brusten røst og klamt håndtrykk. Jeg følte lettelsen bruse i ørene og trodde meg reddet og skulle akkurat legge beina i 4. gir og galoppere ut av syne da en klar nordlandsstemme utbryter : "Disse to gutan har kjørt 1000 km. gjennom 3 stater for å få hels på majesteten". Det var Neergaarden som måtte slenge med leppa. Jeg var allerede et par skritt forbi "Høyheten" da jeg måtte høgge inn bremsene, legge beina i revers og rygge tilbake til ham. Han ville vite navnet på båten. "Turbinskipet Bauta av Oslo, deres majestet", svarte jeg, og nå begynte marerittet på ordentlig. Jeg fikk omtrent blackout, "Trikkeren" fortalte etterpå at det følgende minuttet beveget jeg meg omtrent som en sjåfør som hadde tatt "Lappen" pr. korrespondanse og prøvde å lukeparkere. Frem og tilbake, frem og tilbake for hver gang majesteten spurte på nytt. Knollen min var omtrent selvlysende da han endelig forbarmet seg over meg og lot meg gå, og munterheten var påtagelig blant bivånerne. Som prikken over i -. en holdt jeg på



å trynan i Kåre Wiloch, handelsminister i Borten-regjeringen på den tiden Han hadde øyensynlig en ubendig trang etter å trykke lanken til "sjarmtrollet" Selvik. Jeg kom meg omsider ut i friluft igjen, og motivasjonen til å drøye ut tiden i New Orleans var heller laber.

Så etter en bedre lunch heiv vi oss i bilen, tilbake til Mobile.

På veien tilbake la jeg merke til at "Trikkeren" satt flere ganger og glodde på høyrehanda si. Rene kyrastiret forresten. På forespørrelse fra meg utbryter han : "Fy soren, jeg har trykket norskekongen i hånden. Jeg vil ikke vaske den på 14 dager minst". Det kan opplyses at han var danske. Ordet "trikker" er sjømannssleng for skipselektriker.

Det sies at tiden leger alle sår, men selv i dag 35 år senere har jeg en tendens til å rødme når tanken går tilbake til hin minnerike maidag. Mitt eneste dårlige minne fra en norsk sjømannskirke, tror jeg.

Soknepresten har ordet

Ja !


Når dette vert skrive, sit Kyrkjemøtet samla i Bodø. Dei har som tema i år: *Ei vedkjennande kyrkje*. I grunnlagsmaterialet for møtet er det understreka at vedkjjenninga først og fremst er eit **Ja** til Guds verk. Ofte er det slik at vedkjjenning er oppfata som å setja grenser, seia nei til vranglære og falsk kristendom. Vedkjjenning har samanheng med **ortodoksi**, som tyder **rett lære**. Men ordet ortodoksi tyder også **rett lovsong, rett lovprising**. Og då ligg det nærare å seia ja til Gud, å lovprisa han for det han har gjort, og for det han gjer framleis. For me trur at Gud verkar framleis. Gud er ikkje død !

Jola stundar til. Innhaldet i jola

er Guds **Ja** til menneska, for barnet som vart født, er Guds gave til oss menneske. Jola er Guds kjærleiks – erklæring til menneska. **Inkarnasjonen**, ikjøtinga, dette at Guds son vart menneske, er det store underet jola for om. Starten var eit Guds ja. Då er det ikkje merkeleg at framhaldet vert eit ja òg. Og her er det me kjem inn, med vårt svar på Guds **Ja**. Vedkjjenninga som me ber fram, er vårt **Ja** til Gud. Vedkjjenninga er ikkje først og fremst oppteken av å setja grenser for rett tru, ikkje dette å avgrensa seg mot eit feil Guds bilet eller feil syn på Jesu verk. Vedkjjenninga er eit glad **Ja** til Gud, eit svar på hans store gjerning for oss i Jesus.


Jola kallar til å seja Gud Ja!

Jola kallar på eit svar. Og svaret



er det ingen andre enn du og eg som kan gje. Men det er heldigvis mange som har gjeve sitt svar før oss. Det er mange som har svara ja til Gud, og deira svar er til hjelpe for oss i dag. Ei vedkjennande kyrkje ber fram svara me har gjeve på Guds store Ja.

Johannes Melve



Min julesalme

av Olav Meltvik

Også i år har me stilt tre spørsmål om julesalmar til ein person i kvar kyrkjesokn.

Her er spørsmåla :

1. Kva for ein julesalme lika du best den tida då du var barn?
2. Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne julesalmen .
3. Likar du framleis å syngja denne julesalmen eller er det ein annan du likar betre no ?

Bjarne Nøttveit, Bruvik sokn :

1. ”Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum der samles mine tanker som i sin hovedsum. Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt ; jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt.”
2. Min kjære far, som døde i 1965, lærte meg tidlig disse versene, og salmedikteren Brorson har på en anskuelig måte levendegjort dramatikken julenatt. For å vise dette burde gjerne flere vers siteres.

2. Min kjærlighet til denne julesalmen har øket med årene. Her har salmedikteren Brorson skapt en salmeskatt som best illustreres med at flere vers gjengis. Særlig da vers 7 og 8.

”Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke : Kom, Jesus, dog herinn !

*Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.*

*Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes
stund,
at du er født herinne i hjertes dype grunn.”*

En fredfull og velsignet jul ønskes alle !

Berit Solberg, Gjerstad sokn :

1. Me har ein stor skatt i salmane våre, Men den tyske salmen av Friedrich Layriz omsett av Peter Hognestad : ” Det hev ei rose sprunge ut av ei rot så grann ,” lika eg særskodt.
2. Då eg gjekk i femte klasse skipa læraren vår eit songkor, og då song me i kyrkja når det var ettermiddagsgudsteneste julafra og 1. påskedag. Me song mange salmar, men denne vart for meg den vakraste.
3. Og slik er det framleis.

Sigurd Mostrøm, Haus :

1. Den julesalmen eg likar best er nok den kjende Landstadsalmen ” Fra fjord og fjære, fra fjell og dype dal”.
3. Grunnen til at eg likar denne salmen er vel at far fortalte at dei heime i Mostraumen song denne songen. Og alle 8 syskina spela eit instrument. Og med den store oljelampa i taket tent var det jul i stova.
4. Men no likar eg nok og den vakre songen til Jakob Sande ” Det lyser i stille gredner.

Sally Tysse, Hosanger :

1. Den julesalmen eg tenkjer på som den fyrste eg lærde som barn i 1940 åra er nok ” Eg er så glad kvar julekveld”. Når det var juletrefest i gamle bedehuset i Fotlandsåvg, var det alltid den me song fyrst, i gongen rundt juletreet.
2. Elles kan det nok tenkjast at eg hugsar den best fordi eg har ein bror som er døv, og han gjekk på døveskule på Østlandet. Men han kom heim til jul kvart år. Han lærde meg den songen på tegnspråk.
3. I dag er det så mange fine julesalmar, men ein av dei eg likar best er : ” Det lyser i stille gredner”.

Solveig Leknes, Hamre sokn :

1. ” Eg er så glad kvar julekveld ” er den julesalmen eg lika best då eg var barn.
2. Det var ikkje alltid så mykje å gle seg over då eg var barn, men når det nærma seg jul og me song denne salmen, då kjende eg inni meg at eg var glad. Den skapte slik god stemning og forventning til jula, både teksten og melodien. Det at Jesus vart født og at han alltid minnest dei små som bed i tru og von. Etter kvart kom det julehelsingar, fine gullforgylte julekort med Jesusbarnet i krybba og med Maria og Josef. Over dei såg eg alle dei små englane på stjernehimmen, det var

som eg kunne høyrta kor fint dei song, og så den store stjerna som aldri kan slokna. Når me hadde pynta juletreet kveikte ho mor i alle dei små ljosa, og i den store oljelampen under taket, då skein det i kvar ei krå.

Det siste verset er eg vel aller mest glad i : ” Eg er så glad kvar julekveld, så glad i Jesus Krist, og at han også elskar meg, det veit eg sant og visst.”

3. Ja, eg likar framleis denne julesalmen, men eg har og ein annan som eg er veldig glad i : ”No koma Guds englar med helsing i sky”.

Min salme

Min gode ven Roger Breivik har utfordra meg i dette fine innslaget i ”Kyrkjhelsing”. Det er med stor glede eg tok imot denne utfordringa, men jammen skulle det verte vanskeleg.

Ein av dei tinga som har vorte viktigare for meg etter som åra går, er salmesongen i kyrkja. Visst har eg mine favorittar frå barne og ungdomsåra. Ein av dei kjæraste minna er då Matias Orheim framførde sin eigen salme ” Eg har ei teneste stor for Gud ” (750). Han spelte på glas. Tonane kling i øyrene mine enno. At denne enno til skulle få innverknad på utdanning og yrkesval, kan ein få undra seg over.


Dei seinare åra har eg hatt glede av å kome nærmare inn i ”Salmer -97”. Her er det og mange salmar som uttrykkjer tru og tillit i ei nyare og vakker språkdrakt. Ei salme herfrå har vorte god hjelpe for meg i mi tru og mitt liv. Den uttrykkjer det kristne vona med ei glede som gripe meg er salme nr. 151: ”Når jeg blant englers kor en gang min Jesus skue får”.

Den salmen som likevel vert ”min salme”, er nr. 718 i Salmeboka. Denne salmen møter oss i kvardagen vår. Ein kvardag der stresset og maset tek tak i oss.

Salmen gjev oss rom både for å sjå på eige liv og korleis vi vil bruke det på ei jord som skrik etter ditt og mitt engasjement.

Kanskje kan denne salmen skreve av Ralph Carmichael og Arne Myskjå gi lesaren noko ekstra å tenkje på no i førjulsstriden?

*Kjære Gud, når eg bed, lat min tanke kvile i fred
frå alt stress i verda omkring og all uro for*



*daglege ting. Lat din kjærleik få trenge seg inn,
slik at han kan forandre mitt sinn. Lat oss alle
som trur på ditt ord, vera saman i bøn for vår
jord.*

*Hjelp meg, Gud, til å gi både pengar, arbeid og
tid i den tenesta der eg er sett, slik at eg kan
forvalte den rett. Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød. Hjelp meg søke
fornying og fred. Høyр meg, kjære Gud, når eg
bed.*

Så vonar eg at Sigrun Raknes ikkje vert stressa av at eg utfordrar henne!

Varme julehelsingar til alle lesarar av kyrkjhelsing!

Åge Clausen

Kulturkafe i Haus

Et hundretals personer hadde lørdag 30. oktober funnet veien til Haus.

Været var strålende, noe kaldt, men for å være på denne tiden av året absolutt godkjent ! Haus kirke ruver som den skal gjøre. Men en genistrek er det å plassere Kyrkjelydshuset beskjedent i nabologet, så inn i terrenget og bortgjemt. Det er først når du kommer inn og ser den praktiske utnyttelsen at du blir målløs.

Det var i disse omgivelsene Haus sokneråd med Johnny E. Selvik i spissen inviterte til Kulturkafe med et rikholdig program. Kafeen som åpnet kl. 10 bød på forfriskninger og en lun atmosfære. Folk kom og gikk, praten satt løst og gjensynsgleden var stor blant de som ikke hadde truffet hverandre på en stund. Kun ungdommen var stille- de ventet på Stian. Og han kom – flybåren fra Oslo. Da var det ikke måtte på stas. Utenfor var det satt opp åpne telt. Årets første nisser sto på bordene og minnet oss om at det kun er 2 måneder igjen til Jul. Knapt nok det.

Med ”Brudefølget drar forbi” spilt på klaver av Rune Alver og Stian Barsnes Simonsens

spirituelle ungdomsopplevelser fikk både vi eldre og den unge generasjonen en fin følelse når vi inntok Haus kirke for den virkelige konserten.

Det ble en mektig opplevelse. Nå skal undertegnede vokte seg vel for å anmelde de musikalske prestasjonene. Men så mye kan sies, selv barna, og de var mange, holdt seg rolige og var stille mens de lyttet. Så vakkert, variert og profesjonelt – terningkast 6.

Etter denne mektige opplevelsen smakte det med kaffe og noe attåt. Musikken fulgte med. Denne gangen med lettere stoff og større nærlhet. Det var som man kunne bli glad i dem. Johnny E. Selvik og Stian Barsnes Simonsen opptrådte i rollen som auksjonarius. Bilde etter bilde falt for hammeren og intekten som i sin helhet gikk til Osterøy Frivillighetssentral økte.

Stor takk til Haus sokneråd som stilte både kirke og kyrkjelydshus til disposisjon. Musikerne : Rune Alver, klaver, Vemund Mjøs, munnspill, Håkon Høgemo, hardingfele, Kåre Rivenes, klaver/orgel, Liv Skoglund, klaver/orgel, Torhild Langhelle og Ole Johannes



Wenche Fiskeseth

Mjøs, sang, stilte alle sitt talent gratis til disposisjon for denne konserten. Stian B.Simonsen, forfattar av boka ” How to be ungdom”, likeså. Og sist, men ikke minst, primus motor for det hele Johnny E. Selvik hadde regien og rodde alt pent i land. Takk Johnny !

Osterøy Frivillighetssentral v/ Wenche Fiskeseth, daglig leder

50 og 51 års konfirmantar i Bruvik kyrkja

Søndag 14. november inviterte Bruvik Sokneråd til fest for 50 og 51 års konfirmantane. Markeringa starta med gudsteneste I kyrkja kl. 11.00, foretta av sokneprest Johannes Melve. Av dei inviterte kunne 13 konfirmantar møta. Og fleire av desse kom med ledsager. Dessutan møtte Randolph Rønhovde som var læraren deira på skulen det året

dei gjekk til presten. Etter preika var det presentasjon I kyrkja med utdeling av rose til kvar konfirmant. Då gudstenesta var slutt, vart det fotografering, og deretter gjekk turen til Knausatun og raspeball-middag. Under middagen gjekk praten livleg, og mang ei god historie vart servert. Stemningen var stor da læraren

tok fram sine sjølvtekne fotografier frå skuletida på Skaftå. Det verka som jubilantane sette pris på arrangementet, og som ei av dei sa då han gjekk:
- Dette må de fortsetja med, dette var kjekt.

***Bruvik sokneråd
Arild Seilen***

Kyrkjeringen på Bruvik

Omtrent for 16 år siden, da Per Inge Eide var sokneprest på Bruvik, foreslo han overfor soknerådet at de burde starte en "Kyrkjering". Kyrkjeringen skulle ha som formål å skaffe ting til Bruvik kirke som den har bruk for. Soknerådet tok oppfordringen og 10 – 12 kvinner fra bygden og soknerådet dannet Kyrkjeringen, sier Elen Hjelvik som den gang var medlem i soknerådet og en av initiativtakerne.

Den første oppgaven de påtok seg var en innsamling til nytt orgel i kirken. Ildsjelene i denne innsamlingen ble kjernen i det som er Kyrkjeringen på Bruvik.

Vi er 10 – 12 kvinner som arbeider med å skaffe til veie ting vi ser trengs i kirken. Kyrkjeringen har møte hver 14. dag der vi betaler kr. 10,- på hvert møte og lager håndarbeid til den årlige basaren vår, foruten et koselig sosialt samvær.

Kyrkjeringen har virkelig fått det til ! Foruten nytt orgel, er ca. 20 stablestoler til bruk ved store høytider innkjøpt, teppe rundt alteret skiftet ut, ny flaggstang med hellelagt tilkomst på plass, gjerde langs nedkjørselen og parkeringsplassen satt opp, hekk rundt gravplassen plantet og ikke minst den nye alterduken.

Nå arbeides det med å gruse ny vei langs nordsiden av kirken og installering av en rullestolrampe. Arbeidet blir hovedsaklig gjort på dugnad av soknerådet, men det er Kyrkjeringen som betaler.

Hvordan de har klart alt dette har Elen et enkelt svar på. "Det er innstillingen i bygden som er hemmeligheten", sier hun. Bruvik som i dag ligger noe isolert, med ca. 170 innbyggere, er unik når det gjelder basarer. Drar det seg mot oktober og plakaten er kommet opp og loddssalget




Elen Hjelvik, ein av initiativtakarane.

i gang er ikke folk "konuslete". På basardagen går folk mann av huse for å støtte oss. Men så har vi mange fine premier også, ler Elen, som er fornøyd med årets resultat.

Kyrkjeringen teller forsatt 10 – 12 kvinner fra bygden. Alle kan bli medlem, men de bør være interessert i Bruvik kirke og alt som har med menighetsarbeid å gjøre.

*Hilsen Bruvik sokneråd
v/ Wenche Fiskesteth, soknerådsleder.*



Gudstjeneste- verksted i Gjerstad

Lørdag 11. september var en fin gjeng 4 – åringer, foreldre, søsken og besteforeldre samlet til gudstjenesteverksted i Gjerstad.

Det ble ei fin kosestund i kirka. Vi øvde på salmene til gudstjenesten dagen etter, og laget fine plakater som illustrerte søndagens tekst. Det ble tegnet, klippet og limt ivrig rundt bordene.

Etterhvert som barna ble ferdige, fikk de leke litt og bli kjent med kirka på sin måte. Så ble bordene ryddet, og boller og saft satt fram. Det var godt med ei matøkt etter arbeidet, og falt godt i smak hos alle frammøtte.

Søndagen fikk alle 4 – åringerne hver sin kirkebok som inneholdt lydbok, til odel og eie.



Det var veldig god oppslutning om gudstjenesten, og mange glade barnefjes i kirka. Det setter vi veldig stor pris på.

Dåpsopplæringsnemnda i Gjerstad

Ny prost i Nordhordland

Nordhordland prosti, der også Osterøy prestegjeld er med, har fenge ny prost. Helge Hitland vart innsett i tenesta 12. september. Han er fødd og oppvaksen i Åsane, men han har og røter fra Osterøy, fra Bysheim. Hans første kall som prest vart i Arna. Det neste vart som sokneprest i Osterfjorden prestegjeld, med bustad på Ostereidet. Der vart han verande i 8 år. Då var ham m.a. prestane sitt medlem i prostirådet og vart i desse åra kjend med personar frå heile prostiet.

Dei åra han budde på Ostereidet kom han og over fjorden og var talar fleire gonger ved møtesesiar i Hosangerkyrkja.

Vidare har han vore sokneprest i Meland i 13 år. I fleire år var han i sjælesorgsenteret på Haraldsplass, og han leia då m.a. eit sjælesorgkurs på Osterøy, med stor deltaking. Siste åra har han vore fengselsprest i Bergen. Hitland har såleis allsidig røynsle frå sine ulike tenester, og er godt kjend i kring i prostiet.

Helge Hitland er gift med Brit Torun og har 3 vaksne born.

Me ynskjer den nye prosten velkommen i tenesta. Han preika i Haus kyrkje 7. nov. og me vonar at han finn høve til, etterkvart og å vitja dei andre soknene i Osterøy også.

Olav Meltvik



Ingen Gud

av Sigurd Hille Svensson

Vi står oppe i fjellsiden en fin sommerdag, Vi ser ut over dal og grensd i sommersolen.” Så vakkert her er, sier han til meg den unge gutten som står ved siden av meg.” Jeg har ikke vert edru nok til å se det før, legger han til.

Han ble plukket opp fra gaten. Han var blitt et menneskevrak, ødelagt av narkotiske stoffer. Så var det noen barmhjertige samaritanere som plukket han opp. De tok seg av han. No var han i ferd med å reise seg igjen.

Etter en stund kommer det i fra han igjen, i det han sier : ” Jeg ble så sinna på ei jente. Hun sa at det var ingen Gud. Da ble jeg sinna”. Og så legger han til ettertenksomt: ”Og Gud som har gjort så meget for meg”.

Han har nok fått sett meget inn i Guds kjærlighet

og omsorg, denne karen, tenkte jeg i mitt stille sinn, da jeg hørte hva han sa. Og det har han fått sett gjennom mennesker som er grep av Jesu klærighet, og som viser dette til verden omkring seg i ord, handling og meget, meget godt.

Kanskje er det de personer som har opplevet mørket som vet å verdsette lyset

mest ? Ja med sånne tanker stod jeg ved siden av han.... Jeg følte at den unge gutten fikk begynne på nytt. Han fikk livet på nytt.

(Denne opplevelsen hadde jeg i perioden 1980 – 87 da jeg var med i et hjelpearbeid, spesielt for narkomane.)

Julegjesten

av Haldis Reigstad

Du vesle barn frå Betlehem, du er så snill og god,
no må du koma inn til oss med julefred og ro.
Det er jo dagen din i dag, og me skal halda fest,
men du må ikkje gløyma det at du er berre gjest.

Me har diverre ikkje plass, du kan kje bu her stødt,
men me vil alltid hugsa på den dagen du vart født.
Så kom igjen til neste år, då ventar me deg, du,
hjå Olsen, han i nummer ti, der får du sikkert bu.

Men julefest det vil me ha, og du skal vera med
så kjem du julekvelden då, sånn cirka klokka tre.
Og du kan vera sikker på at du får koma inn,
for me er alltid heime me, på fødselsdagen din.

Det er så mange menneske som tenkjer nettopp slik,
og berre du kan svara på om du er desse lik.
Er jula di ein vinterfest med glitter og med stas,
og Jesus kun ein julegjest, som kjem på visitas ?



Jublante glede

av Haldis Reigstad

Å for ei jublante glede
natta er full av sang.
Høyr desse himmelske tonar
han med den krossmerkte panna
ligg på Marias fang.

Å for ei jublante glede
å for ein morgongry.
Kom la oss knele for barnet
under dei krossmerkte hender
der vert vi fødd på ny.

Å for ei jublante glede,
no er det jul igjen.
Stjerna skal visa oss vegen
sjå dette himmelske lyset
strålar i natta enn.

Å for ei jublante glede
alt vi i Jesus har.
Himmelens portar står opne
barnet som ligg der i krubba
syndene for oss bar.



50-årskonfirmantar i Bruvik, 1. rad frå v: Marit Brudvik Olsen, Johannes Melve, Anna Bruvik Sæbø. 2. rad frå v. Turid Kaland Thorsnes, Gunvor Nancy Nipen Boge, Reidar Bruvik, Olav Stavenes, Turid Stokke Nattland, Solveig Stokke Gustad. 3. rad frå v: Ottar Arthur Vaksdal, Nils Andreas Langhelle, Audun Bruvik, Jon Sigmund Løteit, Asbjørn Lid. Foto : Rune Solberg